



Fløysand Va AS  
Fløksand  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1411 - 17/11495

Saksbehandlar:  
Reidun Iden Lædre  
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:  
12.06.2017

## Godkjenning - tilkopling til kommunalt avlaupsanlegg GBNR 22/27

**Administrativt vedtak. Saknr: 165/2017**

**Tiltkshavar:** Roger Myhr  
**Ansvarleg søkjar:** Fløysand VA AS  
**Søknadstype:** Søknad om tilkopling til kommunalt avlaupsanlegg

### Saksutgreiing:

Det er i søknad, journalført motteke 22.05.2017, søkt om løyve til tilkopling til kommunalt avlaupsanlegg for bustadhus på eigedomen gbnr 22/27, Mjåtveitstø 22.

Eigedomen skal koplast til det kommunale avlaupsanlegget via tidlegare etablert privat stikkledning. Det ligg føre naudsynt erlæring frå eigar av den private stikkledningen som gjev eigedomen gbnr 22/27 rett til dette.

Eigedomen har i dag privat avlaupsløysing med minireinseanlegg. Minireinseanlegget skal koplast ut ved tilkopling til kommunalt anlegg. Eigedomen er tilknytt kommunalt vassverk.

### Vurdering:

Minireinseanlegg som ikkje lenger er i bruk må fjernast. Eigar må sjølv syte for at dette vert utført på forsvarleg måte .

Administrasjonen har elles ingen merknader til at eigedomen vert tilknytt det kommunale avlaupsanlegget.

Føretaket Fløysand VA AS , orgnr. 987 774 525, har erklært ansvarsrett.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

## Vedtak

«Meland kommune godkjenner at bustadhus på eigedomen gbnr 22/27 vert tilknytta kommunalt avlaupsanlegg i samsvar med søknad og situasjonskart journalført motteke 22.05.2017 på følgjande vilkår:

Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.

Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" - Kommuneforlaget.

Tilknyttinga skal skje i kum. Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknyttinga er utført.

Dersom De ønskjer å leige målar må det gjevast melding til kommunen.

Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2017 er tilknytingsgebyret og for avlaup kr 20 000,- pluss mva.

Tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Føretaket Fløysand VA AS har erklært ansvarsrett. Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg og Plan- og bygningslova.»

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Vedlegg:

Søknad om nytt sanitærabonnement GBNR 22/27  
Kart  
erklæring om ansvarsrett  
Erklæring om rett til å kopla seg på vatn og avlaup

**Mottakere:**

Fløysand Va AS

Roger Myhr

Fløksand

Mjåtveitstø 22

5918

5918

FREKHAUG

FREKHAUG